

Fra: Synnøve Bakke[Synnove.Bakke@tysnes.kommune.no]
Mottatt: 03.06.2026 08:28:36
Til: Frid Kristiansen[Frid.Kristiansen@tysnes.kommune.no]
Kopi: Aud Gunn Løklingholm[Aud.Gunn.Loklingholm@tysnes.kommune.no];
Tittel: VS: Årsrapport Berekraftig Reisemål for Visit Sunnhordland 2026

Til formannskap til hausten 😊

Fra: Hilde Eide Helland <hilde@visitsunnhordland.no>
Sendt: tysdag 2. juni 2026 15:31
Til: Hilde Eide Helland <hilde@visitsunnhordland.no>
Kopi: Tora Haslum Myklebust <tora@regionsunnhordland.no>; Anne Synnøve Lønne <asl@regionsunnhordland.no>; Anne Almås Tranøy <anne@regionsunnhordland.no>; Mina kristine Aarseth <Mina@visitsunnhordland.no>; Brynjar Stautland <brynjar@geoparksunnhordland.no>
Emne: Årsrapport Berekraftig Reisemål for Visit Sunnhordland 2026

Hei eigarkommunar og partnarar,

Vedlagt følgjer årsrapporten for arbeidet med Berekraftig Reisemål i Sunnhordland 2025.

Nokre hovudpunkt frå rapporten:

- Reiselivet i Sunnhordland har hatt sterk vekst i 2025, med 11 % auke i gjestedøgn samanlikna med året før. Regionen hadde totalt 286 218 kommersielle overnattingar i 2025.
- Reiselivet skapar store verdiar i regionen. Samla verdiskaping er estimert til om lag 565 millionar kroner, ein auke på 12 % frå året før. Næringa sysselset no over 1 270 personar i Sunnhordland. (Merk at tala er frå 2024- 2025 verdiskaping kjem i sommar. Her tyder alt på vekst)
- Arbeidet med berekraftig utvikling held fram gjennom fleire konkrete tiltak, mellom anna besøksforvaltning, arbeid med utsleppsfri turistransport, utvikling av heilårsturisme og styrking av lokale mat- og naturbaserte opplevingar.
- Fleire aktørar i regionen viser veg i berekraftsarbeidet. Rapporten løftar fram Urt & Ugras og Kråko Spiseri i Fitjar, arbeidet med berekraftig destinasjonsutvikling i Bekkjarvik, og Geopark Sunnhordland si nye Kl-løysing «Marmora» som gode døme på innovasjon, lokal verdiskaping og framtidsretta utvikling.
- Rapporten viser også at vidare utvikling krev sterk regional forankring og godt samarbeid mellom kommunar, næringsliv og destinasjonsselskap for å sikre berekraftig vekst og verdiskaping i heile Sunnhordland.

Takk for samarbeidet i arbeidet med å utvikle Sunnhordland vidare som ein attraktiv region for både innbyggjarar ,tilreisande og framtidige generasjonar.

Ha ein strålande dag!

Mvh,

Hilde Eide Helland
Reiselivsansvarleg
hilde@visitsunnhordland.no
Mob.: +47 966 34 913
Visitsunnhordland.no

